

Oppgraderinga av båtlagshuset ferdig.

08.06.2016



Jan Henrik Hansen i båtlagsstyret er svært fornøgd med resultatet av oppgraderinga av båtlagshuset.

Etter frostskaade då vinterkulden overraskande slo til før jul, oppstod det vasslekkasje med på følgjande vasskader i vaskerommet i huset til Uskedal båtlag. Dette måtte reparerast, og det vart også bestemt å oppgradera dusjanlegget i same slengen. No er arbeidet ferdig, og resultatet av arbeidet er svært tiltalande og flott.



Vaskerommet er blitt nytt og flott.

Jan Henrik Hansen i styret i båtlaget fortel at arbeidet i vaskerommet er ei forsikringssak medan båtlaget har kosta oppgraderinga av dusjanlegget og dei romma. Resultatet er blitt svært bra. Det er heilt nytt røyropplegg. Elles er det nytt belegg på alle golv og flisebelegg og plater på vegger. Lyst og fint i fargane er det, og dei nye gardinene spritar det opp og gjer det ekstra triveleg.

Hansen fortel at arbeidet med rivinga vart gjort på dugnad, og styret har lagt ned mykje arbeid. Til oppattbygginga er det brukt fagfolk frå lokale firma. Frank Søllesvik som arbeider med forsikringsskadar, har stått for trearbeidet. Arvid Hjelmeland i Uskedal Røyr og Multisevice har gjort røyrarbeidet, medan belegg og tilsvarande er kjøpt hos Byggeriet Uskedal Trelastlager AS, og Tor Eik har utført arbeidet innanfor dette fagområdet.

No er alt klart slik at ein kan møte høgsesongen med 'nytt' båtlagshus slik planen var. Jan Henrik Hansen fortel at dei som har brukt det til no, skryt veldig. Dermed vert båtlaget møtt med 'nytt' hus, stort partytelt, ny restaurant med fantastisk god mat, og mykje anna når dei kjem til Uskedalen.



Begge dusjane framstår som nye.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland